

Geir Sørebo
5962 Bjordal

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Osland settefisk AS – søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Høyanger kommune Høyringsfråsegn frå grunneigar Geir Sørebo, gard 17/2 i Høyanger kommune

Viser til brev av 17.02.2015, ref. 201402965-4 frå NVE der ein bed om høyringsfråsegner innan 1. april 2015.

Først vil eg påpeike ein feil i dette brevet. Det står at Osland settefisk søker om å ta ut vatn frå Østerboelva. Det går fram av søknaden frå Osland settefisk at dette er feil elv. Ein søker om å ta ut vatn frå Søreboelva. Østerboelva ligg ca. 700 m lenger mot nord.

Underteikna eig gard 17/2 som Søreboelva og Vetleelva renn over. Eg er vaksen opp på gard 17/2 og kjenner tilhøva godt heilt frå barndommen. Eg kan stadfeste det som er omtala i søknaden frå Osland havbruk, at Søreboelva så seint som i 1950-60 åra var ei svært god fiskeelv for sjøaure. Sjølv fiska eg gjennom ungdomstida mi fleire hundre kilo der. Eg hugsar enno at eg på gode dagar kunne ha opp til 10 fiskar. Storleiken på fisken var ofte rundt eitt kilo, sjeldan opp mot to kilo. Den beste fiskeplassen var rundt det kvernhuset som er avbilda i utgreiinga frå Osland Havbruk, eit par hundre meter frå Østerbovatnet (sjå figur 3-15)

Det var berre reint unntaksvis at eg fekk laks. Dette synest å vere einskildtindivid som høyrde til stammar knytt til andre elvar.

I utgreiinga s.27 står det «det er noko motstridande informasjon om kor langt opp i vassdraget den androm fisken har gått tidlegare. Nokre kjelder (Rørtveit pers. medd. og Østerbo pers.medd) har opplyst at det ikkje er kjent at anadrom fisk har passert stryk ved kvernhuset som ligg nedstraums dagens inntak til settefiskanlegget. Leiar i Søreide grunneigarlag, Sørebo (pers.medd). har informert om at det på 1950-60-talet var gyting av sjøaure i det stillare området oppstraums oksygeninntaket på kote 50.»

Leiar av grunneigarlaget er underteikna, som fastheld at ca. 300 meter ovafor oksygeninntaket var det eigentlege gyteområdet i Søreboelva. Eg har fiska ein god del sjøaure i nettopp det området og sett i ungdomen min korleis store gytemogne fiskar grov ned rogn på sandbankane der. I barndommen min var det ein slags konsensus om at vi ikkje skulle fiske der om hausten fordi vi ikkje skulle uroe den gytande fisken. Dette området av Søreboelva heiter også den dag i dag Aurehyllane. Eit gammalt namn som har sitt opphav nettopp i gytinga som gjekk føre seg her.

Det som står vidare på s.27 er truleg rett: «Etter at BKK overførte delar av feltet var det truleg mindre fisk som kom seg opp stryk bla forbi kvernhuset.» Dette heng saman med at det bør vere ei viss

vassføring før auren kjem opp fossen bak kvernhuset. Eg har sjølv sett korleis aurane har hoppa opp den fossen, og sett korleis dei samla seg i kulpen nedafor fossen når vassføringa vart for liten. Etter at BKK overførte delar av feltet, var elva framleis ofte stor nok til at auren kom opp, men det vart lengre periodar med lite vassføring.

Den store endringa kom imidlertid med etablering av settefiskanlegget. Då skjedde 4 vesentlege endringar:

1. Eit stykke av Søreboelva rett ovafor elveosen vart lagd i røyr. Men dette er ikkje brattare enn at aurar klarar å komme gjennom oppstraums. Eg har sjølv fått sjøaure i kulpen rett over røyret.
2. Det vart laga til eit vandringshinder like ovafor vassrøyret (Figur 3-3). Det ser ut til at dette stoppa all sjøaure frå å kome vidare opp. Eg kjenner ikkje til grunnen til at dette vart gjort, men har trudd at ein ville unngå at både villfisk og rømt oppdrettsfisk gjekk vidare fram i elva og bar med seg sjukdommar som igjen kom attende til oppdrettsanlegget via vassinntaket.
3. Vassføringa forbi kvernhuset vart ytterlegare redusert pga. at ein del av elva gjekk i røyr frå vassinntaket til oppdrettsanlegget.
4. Den støypte betongterskelen på kote 25 har vorte det siste vandringshinderet som stoppar all aure og laks frå å kome vidare fram til gyteplassane 300 m lenger framme.

Det er i utgreiinga vist til at sjøaurebestanden i Østerbovatnet fekk eit oppsving etter år 2000. Dette oppsvinget var neppe eit oppsving i talet på fiskar, men bestod i at einskilte individ som beita i det ureinsa avløpsvatnet frå settjefiskanlegget, vart usedvanleg store, ofte over 10 kilo. I åra som kom gjekk talet på fiskar gradvis nedover, kanskje supplert med ein del rømt oppdrettsfisk. I dag er det lite sjøaure å få.

Det er i dag uklart for meg om og korleis den opprinnelege sjøaurebestanden i Søreboelva vert fornya. Kanskje overlever einskilte individ den gyting og klekking som kanskje er i elveosen.

Det ville ikkje vere umogeleg å få sjøaure til å gå fram igjen til den opphavlege gyteplassen. Eg trur dette er det einaste som kan berge sjøaurestammen på sikt. Forutan ei viss minstevassføring måtte då dei vandringshindra ein har, fjernast eller det måtte lagast ein enkel passasje forbi. Kanskje ville det også vere ønskeleg med noko betre tilrettelegging av stryket ved kvernhuset slik at fisk kunne passere ved mindre vassføring enn tidlegare. Alt dette ville krevje små investeringar.

Utan at vandringshindra vert fjerna, har ei minimumsvassføring ingen effekt i høve til aurebestanden.

Ei minimumsvassføring er likevel av verdi for miljøet rundt elvefaret og busetnaden på Sørebo.

Eit heilt anna moment er at auka gjennomstrøyming av vatn til klekkeri og oppdrettsanlegg totalt sett ikkje må gje utslepp som ytterlegare forverrar miljøet i Østerbovatnet, som har liten gjennomstrøyming og liten toleranse for forureining.

Som grunneigar ser eg positivt på den næringsutvikling som Osland settefisk representerer, og meiner det er små investeringar som skal til for å avbøte uheldige verknader miljøet i Søreboelva.

Sørebo, 1. april 2015

Geir Sørebo

Grunneigar gnr. 17/br. Nr. 2